

## Kjære 14-åring med foreldre/føresette!

No er det du som er født i 2007 som kan melde deg på som konfirmand i kyrkja.

For ca 14 år sidan vart du døypt, og konfirmasjonen er ei oppfølging av dåpen. I løpet av konfirmandåret vil du få vite meir om kva du vart døypt til. Det er også ei tid til å stille spørsmål, gjere seg opp meiningar og oppleve kva den kristne trua inneber. Invitasjonen vert berre sendt til dei som er døypte/medlemer av Den norske kyrkje, men alle er velkomne til å vere med på konfirmandopplegget i kyrkja. For å bli konfirmet må ein vere døypt.

Du kan lese meir om konfirmand 2022 på [www.konfirmand.no](http://www.konfirmand.no). På Tik Tok kan du sjå og høre korleis andre har opplevd konfirmandtida og kva dei har gjort.  
[www.tiktok.com/tag/konfirmantane](https://www.tiktok.com/tag/konfirmantane).



### Viktige datoar:

Ofte har det vore eit informasjonsmøte for konfirmandar og foreldre/føresette i mai/juni. Karl Hjelmeland skal ha hovudansvaret for konfirmandane dette året. Han skal starte i eit vikariat som sokneprest i Hyllestad, Lavik og Bjordal & Ortnevik 1. august. Difor vert informasjonsmøte først etter sommarferien, kanskje i samband med presentasjonsgudstenesta. Tid og stad for konfirmandsamlingane får vi også avtale då.

Men merk deg følgjande datoar:

- \* **Søndag 22. august kl. 16.00** – presentasjonsgudsteneste i Bjordal kyrkje
- \* **Tysdag 19. oktober** – ettermiddag/kveld – fellessamling på Alværa for alle konfirmandane i Høyanger og Hyllestad kommunar. Ei samling på 3,5-4 timer. Konfirmantshow ved Farmen-presten og Saman- teamet frå Bergen. Meir informasjon om samlinga får du i seinare.



\* **Fredag 12. november:** (planleggingsdag) frå ca. kl. 10.00 til 15.00.

Konfirmanddag for Hyllestad, Lavik og Sørsida på Alværa

\* **Fredag 5. desember** kl. 18.00: Lysmesse i Bjordal kyrkje

- \* **7.-9. januar:** Konfirmantweekend på Alværa -
- \* **21.-22. januar:** Nattcup i Førde ( Vi fekk nett vite at nattcupen var flytta frå oktober til januar)
- \* **4.-5. april:** Fasteaksjonen – Innsamlingsaksjon til Kirkens Nødhjelp
- \* **22. mai:** Konfirmasjon



Dette året vert nokre konfirmantsamlingar saman Lavik og Hyllestad. Som de ser er det planlagt 2 samlingar på Alværa i løpet av hausten. Desse samlingane er 3, 5 -5 timer kvar. Det betyr at det vert færre samlingar i Bjordal/Ortnevik i løpet av året. Samlingane i Bjordal/Ortnevik vert rett etter skuletid.

Vi håper også at vi kan samlast til ungdomskveld i gamlebanken. Det vert i tilfelle ein del av konfirmantopplegget. Samtalegudstenesta til våren vert i Ortnevik.

På konfirmantopplegget er det ein eigenandel på kr. 800-. Det inkluderer nattcup, konfirmantbok, dagssamlingane på Alværa og weekend.

Invitasjonen og påmeldingsskjema vil de også finne på heimesida til kyrkja i Høyanger – [Bjordal og Ortnevik sokn - Høyanger kyrkjelege fellesråd \(kirken.no\)](#)

Konfirmantane skal vere med 8 gudstenester i løpet av konfirmantåret. Då er presentasjonsgudsteneste, lysmesse, samtalegudsteneste og konfirmasjonsdagen inkludert. I tillegg vert det 4 «valfrie» gudstenester. På gudstenestene vil de kunne få oppgåver, som då er avtalt på førehand. De kan også gå på gudsteneste i andre kyrkjer enn Bjordal/Ortnevik.



Påmelding innan 1. juli til Toril Lange – e- post: [TL646@kyrkja.no](mailto:TL646@kyrkja.no) eller på Messenger. Påmeldingsskjema sendast på e-post.

Lavik 27. mai 2021

Beste helsing

Toril Lange  
-kyrkjelydspedagog-